 Helse Førde	Kontaktlege/-psykolog i spesialisthelsetenesta	ORG-AVVIK.02-19		
		Dato 14.09.2016	Revisjon 1.00	Side 1 av 3
Avvik, tilsyn og brukarrettar Brukarrettar/klage	Utarbeidd av Helse Vest (Omsett til nynorsk og lokalt tilpassa)	Godkjent av Fagdirektør Hans-Johan Breidablik		
		Retningslinje		

Føremål og omfang

Skal sikre at pasientar med ein alvorleg tilstand som medfører behov for oppfølging frå spesialisthelsetenesta over tid, får oppnemnt kontaktlege. Det vert understreka at kontaktlegeordninga ikkje endrar dei etablerte ansvarsrollane mellom primær- og spesialisthelsetenesta.

Retningslina gjeld for alle einingar med klinisk verksemd ved Helse Førde, både dag-, døgn-, poliklinisk og ambulant behandling. Det inkluderer dermed også psykisk helsevern/tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB). Psykolog kan oppnemnast dersom dette er mest føremålstenleg ut frå den behandlinga eller oppfølginga ein skal gje.

Lovgrunnlag

Pasientar med alvorleg sjukdom eller skade, og som har behov for behandling eller oppfølging frå spesialisthelsetenesta av ei viss varighet, har **rett** til å få oppnemnt kontaktlege, jf. [Lov om pasient- og brukarrettigheter - § 2-5 a. Rett til kontaktlege](#). Helseføretaket har **plikt** til å oppnemne kontaktlege for pasientar som har slike rettar, jf. [Spesialisthelsetjenesteloven § 2-5 c. Kontaktlege](#).

Kven skal ha kontaktlege/-psykolog?

Ordninga gjeld alvorleg sjuke pasientar med behov for oppfølging frå spesialisthelsetenesta over ei viss tid. Ordninga er særleg aktuell for pasientar med uavklarte tilstandar under tverrfagleg utgreiing, eller ved tverrfagleg behandling og oppfølging.

Kor alvorleg tilstanden er må ein avgjere ut frå faglege kriterier. Det skal leggjast vekt på om tilstanden medfører risiko for alvorleg funksjonsnedsetjing, invaliditet, tap av viktige kroppsfunksjonar eller sansar, og eventuelt risiko for tidleg død. Det skal leggjast vekt på både fysiske og psykiske følgjer av tilstanden.

Framgangsmåte


1 Roller, oppgåver og ansvar

1.1 Kontaktlegerolla

Funksjonen skal dekkast av ein lege/psykolog som er direkte involvert i behandlingsforløpet, og er ein del av teamet rundt pasienten. Kontaktlege/-psykolog er den som kan svare på faglege spørsmål frå pasient og pårørende. Det føreset eit godt samarbeid mellom kontaktlege og andre som har behandlingsansvar for pasienten. Dersom pasienten også har oppnemnt forløpskoordinator og/eller annan koordinator, skal kontaktlegen samhandle med desse.

1.2 Forløpskoordinator og koordinator

For pasientar som har fått oppnemnt koordinator, er dette pasienten sitt primære kontaktpunkt i spesialisthelsetenesta. Koordinator skal sikre samordning av tenestetilbodet i samband med sjukehusopphaldet, samt sikre framdrift i arbeidet med individuell plan i perioden pasienten er under behandling eller oppfølging ved sjukehuset. Koordinator vil også vere i dialog med andre tenesteytarar, etater og institusjonar, der det er aktuelt å samordne tenester. Koordinatorane utøver sitt arbeid i samhandling med kontaktlegen.

 Helse Førde	Kontaktlege/-psykolog i spesialisthelsetenesta		ORG-AVVIK.02-19		
			Dato 14.09.2016	Revisjon 1.00	Side 2 av 3
Avvik, tilsyn og brukarrettar Brukarrettar/klage	Utarbeidd av Helse Vest (Omsett til nynorsk og lokalt tilpassa)		Godkjent av Fagdirektør Hans-Johan Breidablik		

1.3 Fastlegen si rolle

Fastlegen sitt ansvar for pasienten sitt allmennelegetilbod opprettheld sjølv om pasienten har kontaktlege under oppfølging i spesialisthelsetenesta. Dette inneber at pasienten primært skal kontakte sin fastlege ved behov for helsehjelp. For at fastlegen skal kunne ta i vare sitt ansvar, må vedkomande vite kven som er pasienten sin kontaktlege i sjukehuset, og også vere godt informert om spesialisthelsetenesta sine vurderingar og planar for oppfølging.

1.4 Andre behandlarar sitt ansvar

Kontaktlegeordninga endrar ikkje ansvaret til andre legar/helsepersonell som gjev pasienten behandling i forløpet. For å sikre at alvorleg sjuke pasientar får koordinert helsehjelp, er det svært viktig at behandlingstiltak og avklaringsvert godt dokumenterte, og at kontaktlege/-psykolog haldast oppdatert. Målet er at kontaktlege kan halde seg godt nok orientert ved å gjere oppslag i journal.

1.5 Ansvar og oppgåver knytt til rolla som kontaktlege/-psykolog


Kontaktlege/-psykolog har det faglege ansvar for at pasientar får eit heilskapleg behandlingsforløp.

Oppgåve for kontaktlege/-psykolog:

- a. Vere pasienten si faste faglege kontakt gjennom pasientforløpet i spesialisthelsetenesta. Form, innhald og hyppigheit vert definert utifrå den aktuelle pasient sine medisinske behov. Kontaktlege informerer pasienten om dette.
- b. Vere involvert i behandlinga av pasienten.
- c. Halde seg informert om status i behandlinga.
- d. Ha eit særleg ansvar for at pasientforløpet i spesialisthelsetenesta går som planlagt. Dersom framdrift i utgreiing/behandling ikkje er som forventa, har kontaktlege/-psykolog mynde til å ta dette opp med aktuell behandlar/avdeling.
- e. Informere pasient og eventuelt pårørande ved naturlege avklaringspunkt i behandlingsforløpet i spesialisthelsetenesta.
- f. Involvere fastlege ved behov, slik at han/ho kan ta i vare sitt ansvar for pasienten sine allmennelegetilbod.

2 Oppnemning av kontaktlege

- a. Det skal dokumenterast i innkomstjournal at det er vurdert om pasienten har rett til kontaktlege. Ved innlegging skal det seinast første verkedag dokumenterast i journal om pasienten har rett til kontaktlege. Fram til oppnemning av kontaktlege første verkedag, vil denne kontaktlegefunksjonen vere teke i vare av bakvakt.
- b. Kontaktlege oppnemnast ved den post/poliklinikk som skal ha eit primæransvar for behandlinga.
- c. Avdelingsoverlege/seksjonsoverlege ved den aktuelle post/poliklinikk har ansvar for å peike ut kontaktlege, og for at dette vert dokumentert i pasienten sin journal, og vert registrert i F5-biletet i DIPS.
- d. Avdelingsoverlege er ansvarleg for at kontaktlege vert informert om vedtaket. Dette vert gjort ved at journalnotat med konklusjon vert sendt via Intern Melding (gul lapp).
- e. Kontaktlegen informerer pasienten munnleg om at han/ho har fått oppnemnt ein kontaktlege. (Det er **berre** pasientar som oppfyller kriteria for rett til kontaktlege, som skal informerast.)
- f. Fastlege vert som hovudregel informert om kontaktlege i epikrise. Ved behov vert fastlege informert via brev.
- g. Ein skal fortløpande i behandlingsforløpet vurdere om pasienten har behov for kontaktlege.
- h. Ved skifte av avdeling/helseføretak skal opprinneleg kontaktlege ha denne funksjonen inntil det er fastsett kven som skal overta oppgåva ved ny eining.

 Helse Førde	Kontaktlege-/psykolog i spesialisthelsetenesta		ORG-AVVIK.02-19		
			Dato 14.09.2016	Revisjon 1.00	Side 3 av 3
Avvik, tilsyn og brukarrettar Brukarrettar/klage	Utarbeidd av Helse Vest (Omsett til nynorsk og lokalt tilpassa)		Godkjent av Fagdirektør Hans-Johan Breidablik		

3 Kven kan oppnemnst som kontaktlege?

- Lege/psykolog som er involvert i behandlingsforløpet og er ein del av teamet rundt pasienten.
- Psykolog kan oppnemnst dersom dette er mest føremålstenleg ut frå den behandlinga eller oppfølginga som ein skal gje.
- Legar/psykologar i spesialisering kan oppnemnst som kontaktlege, dersom det er vurdert som fagleg forsvarleg.

4 Pasientar som er i eit forløp der fleire avdelingar er involverte

Ein skal arbeide for at pasienten har same kontaktlege gjennom heile forløpet. Dersom behandlingsforløpet er best teke i vare gjennom eit byte av kontaktlege, skal pasienten informerast om kven som er den nye kontaktlegen. Den nye kontaktlegen har ansvar for å sette seg inn i pasientforløpet i forkant av første kontakt med pasienten.

5 Avslutting av kontaktlegeperioden

Kontaktlegeperioden opphøyrer når den tilstanden pasienten vart innlagt/tilvist for ikkje lenger krev behandling eller oppfølging av spesialisthelsetenesta. Kontaktlege har ansvar for at det vert registrert sluttdato i F5-biletet (rolle ovanfor pasient). Pasienten, fastlege og eventuelt annan oppfølgande instans skal informerast.

6 Klage

Pasientar som ber om å få tildelt ein kontaktlege, men der sjukehuset kjem til at pasienten ikkje har rett til dette, skal det gjevast ei grunngeving for vurderinga og informasjon om høve til å klage til Fylkesmannen etter reglane i [Lov om pasient- og brukerrettigheter - Kap. 7. Klage](#).

Retten til å klage gjeld berre på avgjerda om at pasienten ikkje har rett til kontaktlege. Pasienten har ikkje rett til å velje kven som skal oppnemnst til kontaktlege. Klageretten omfattar derfor ikkje eit ynskje om å byte ut den tildelte kontaktlegen.

Klagen skal sendast til den avdelinga som har teke avgjerda om at pasienten ikkje har rett til kontaktlege. Avdelinga skal vurdere om det er grunnlag for å endre avgjerda. Dersom avgjerda vert oppretthalde, skal dokumenta i saka videresendast til Fylkesmannen for endeleg avgjersle.

Referansar

Interne referansar

[ORG-AVVIK.02-18](#)

Oppnemning av koordinator

[ORG-AVVIK.02-21](#)

Sakshandsaming ved klage på helsehjelp

Eksterne referansar

[Lov om pasient- og brukerrettigheter - § 2-5 a. Rett til kontaktlege](#)

[Lov om pasient- og brukerrettigheter - Kap. 7. Klage](#)

[Spesialisthelsetjenesteloven § 2-5 c. Kontaktlege](#)

[Kontaktlege i spesialisthelsetjenesten - Veileder IS-2466](#)